



Arkivnr: 2015/557-6

Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.04.2016
Fylkesutvalet		20.04.2016

Snøggbåtruter til Ølen og Utbjoa

Samandrag

Som følgje av bortfall av tilskott frå Rogaland fylkeskommune til snøggbåttilboden til Ølen og Utbjoa, vedtok fylkesutvalet 18.06.15 (sak 2015/182) å legge ned det fylkeskryssande rutetilboden.

I budsjettetsaka i fylkestinget 2015 vart det gjort vedtak om å utsette nedlegging til 1.mars «*slik at avklaring av rammer for mogeleg vidare drift vert klare, i samråd med Rogaland fylkeskommune. Fylkestinget ber om sak til fylkesutvalet om eventuell vidareføring av tilboden.*»

Det ligg no føre ein avtale med Rogaland fylkeskommune gjennom Kolumbus AS om opplegg for vidare drift av rutetilboden til Ølen og Utbjoa, samt årleg tilskott.

Avtalen inneber at nokre turar bli tatt ut av produksjon. Turen til/frå Ølen og Utbjoa midt på dagen utgår, med unnatak av fredagar. Vidare vert kveldsturen laurdagskveld tatt ut. Endringane vil ikkje ha innverknad på rutetilboden til Fjelbergøy og Borgundøy.

Rogaland fylkeskommune skal yte eit årleg tilskott på 1,6 millionar kroner. Avtalen kan seiast opp eller reforhandlast av begge partar, med frist på 1 år. Resterande kostnad knytt til rutetilboden vert dekt over Skyss sitt budsjett.

Nytt rutetilbod vert i verksett snarast råd, men seinast frå innføring av sommarruter i Hordaland i slutten av juni 2016.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet er nøgd at det er inngått ein avtale med Rogaland fylkeskommune, som gir grunnlag for framleis drift av snøggbåttilbod mellom Leirvik og Ølen/Utbjoa.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.03.2016

Bakgrunn

Det vert vist til tidlegare saker om rutetilbodet til Ølen og Utbjoa og bortfall av tilskott frå Rogaland fylkeskommune av dette fylkeskryssande snøggbåtsambandet:

SAMU, sak 26/2015
 SAMU, sak 67/2015
 FUV, sak 182/2015

Fylkesutvalet vedtok i sak 182/2015 å legge ned snøggbåtrutene til Ølen og Utbjoa med snarast mogleg verknad, som følgje av bortfallet av tilskott frå Rogaland fylkeskommune frå og med 2015.

I budsjettsaka for 2016, vart det gjort følgjande vedtak i fylkestinget (sak 95/2015)

Snøggbåttilbodet til Ølen

Fylkestinget bed om at nedlegging av snøggbåttilbodet til Ølen vert utsett til 1. mars slik at avklaring av rammer for mogeleg vidare drift vert klare, i samråd med Rogaland fylkeskommune. Fylkestinget ber om sak til fylkesutvalet om eventuell vidareføring av tilboden.

Det ligg no føre ein avtale med Rogaland fylkeskommune gjennom administrasjonselskapet Kolumbus AS om opplegg for vidare drift og av rutetilbodet til Ølen og Utbjoa, samt årleg tilskott.

Rutetilbodet

I samråd med Kolumbus har ein kome fram til ei løysing for vidare drift, som inneber noko reduksjon i rutetilbodet. Endringane inneber i korte trekk å fjerne turen til/frå Ølen og Utbjoa midt på dagen, med unntak av fredagar. Vidare vert kveldsturen laurdagskveld tatt ut. Endringane vil ikkje ha innverknad på rutetilbodet til Fjelbergøy og Borgundøy.

Tabellen under viser dagens rutetilbod mellom til og frå Ølen og Utbjoa. Turane det vert gjort endringar på er merka med gult.

Ruter frå 17.08.2015	Kvardagar			Laurdag	Sundag	
Ølen	05:10	14:10		07:05		15.05
Utbjoa	05.25	14:25				
Leirvik	06:00*	14:45		07:50*		16:15*
*Korresponderer med båt til Bergen						
Leirvik	13:00	15:15	18:07*	16:55	14:25	20:30*
Utbjoa	(14:25)	15:35				
Ølen	14.05		18:50	17:55**	15:05	21:32
*Korresponderer med båt frå Bergen **Dersom reisande						

Dette gir følgjande endringar i båttilboden i Sunnhordland:

Måndag-torsdag

Turen frå Leirvik kl 13:00 utgår anløp Ølen og Utbjoa. Også turen frå Ølen kl 14:10 og Utbjoa 14:25 utgår.

Fredag

Turen frå Leirvik kl 13:00 går via Ølen som i dag. Avgang Ølen kl 14:10 blir utsatt med 5 minutt til kl 14:15, vidare Utbjoa kl 14.30 og ankomst Leirvik kl 14:50.

Laurdag

Turen frå Leirvik kl 16:55 utgår anløp Ølen og Utbjoa. Dette gir ny ankomsttid Skånevik kl 17:50, mot i dag kl 18:20.

Omlegginga av rutetilbodet er gjennomgått med operatør, og kontraktmessige følgjer er avklart mellom partane.

Endringane vert gjennomført snarast råd, men seinast frå innføring av sommarruter i Hordaland i slutten av juni 2016.

Tilskott frå Rogaland fylkeskommune

Reduksjon i ruteproduksjonen gir ein viss kostnadsinnsparing på snøggbåtrutene i Sunnhordland. Avtalen som er inngått med Kolumbus AS gir eit årleg tilskott på 1,6 millionar kroner. Avtalen kan seiast opp eller reforhandlast av begge partar, med frist på 1 år. Resterande kostnad knytt til rutetilbodet vert dekka over Skyss sitt budsjett.

Fylkesrådmannen er nøgd med å ha fått på plass ein avtale med Rogaland fylkeskommune, som gir grunnlag for framleis drift av snøggbåttilbod mellom dei to fylka.